

DEN NORSKE KYRKJA
Naustdal sokneråd

dok 246

Kultur- og kirkedep.	
11	
Saksnr. <i>20800738</i>	Dat. <i>29.08</i>
Kode <i>Ki-501</i>	Beh.

Kultur- og kirkedepartementet
Kirkeavdelingen
Postboks 8030 Dep,
0030 OSLO

Vår ref.: 090.0 86 - 2008

Deres ref.:

Datert:

Uttale - Høyrings-instillinga "Styrket demokrati i Den norske kirke"

Vedlagt følger uttale frå Naustdal sokneråd vedteke av arbeidsutvalet i Naustdal sokneråd 29.08.08.

Med venleg helsing

Jetvard Kalland
- leiar-

Sigrun Solheim Savland
Sigrun Solheim Savland
- kyrkjelydssekretær-

Adresse:

Tlf:
Fax:
e-post:

Org.nr.:

Uttale – Høyring innstilling «Styrket demokrati i Den norske kirke.»

Naustdal sokneråd vil først merke at ein ser positivt på målet for meldinga, å auke oppslutninga om dei kyrkjelege vala.

Naustdal sokneråd meiner at ei ordning med **ein valdag over heile landet** vil auke interessen og omtale i media som er avgjerande for informasjon til den vanlege mann og kvinne. Ein er likevel redd for at det kyrkjelege valet vil drukne i omtalen av dei politiske vala, også ved eit lokalt politisk val. Alternativet kan vere ein eigen kyrkjeleg valdag.

Ein vil lokalt vere avhengig av at **informasjon om kandidatane** når ut til den enkelte veljar. Det må stillast midlar til disposisjon slik at dei kandidatane som stiller til val, kan presenterast gjennom trykt informasjon som kan sendast til kvar husstand i soknet. Det vil vere svært krevjandefor mange sokneråd å finne ressursar for produksjon av slikt materiale, både økonomisk og menneskeleg.

I mange små kommunar med fleire sokn og mange røystekrinsar, er den **økonomiske kompensasjon** som er rekna ut, på langt nær tilstrekkeleg til å gje god informasjon i tillegg til ei god praktisk gjennomføring av valet.

Ein påpeikar at små kommunar brukar ca 100 000,- kr på eit politisk val og då er ein del administrasjonskostnader skjult i kommunale budsjett, i tillegg kjem det enkelte parti sine kostnader til materiell.

Berre godtgjering til røystestyre, vil for Naustdal sokneråd kome på minimum 18 000,-kr. Trykking av ei presentasjonsavis av kandidatane til valet, samt utsending vil kome på minimum 20 000,- kr. Eit val administrert som eit politisk val i dag, vil difor føre til ein **formidabel auke i kostnad** for den enkelte kommune/sokneråd. **Dette må kompensast.** Dei same kvalitetskrav som vert stilt ved det politiske valet må stillast til det kyrkjelege. (valkort, informasjon om valet, stemmereglar, osv.) Det er likevel relevant å spørje om dette er rett bruk av pengar. Fleire av forslaga til endring som førehandsrøysting og ein felles kyrkjeleg valdag, kan gjennomførast utan særleg auke i kostnad.

I ein kommune med mange røystestader, der ein tidlegare gjerne har avhelde kyrkjeleg val i kyrkja, må soknerådet velgje om ein av røystekrinsane skal ha alternativt røstelokale, nemleg kyrkja.

Dette kan gje uheldige utslag. Ein kan oppleve at røstelokalet i nokre av krinsane opplevast som meir tilgjengeleg enn i røystekrinsen der ein må gå i kyrkja for å avgje røyst.

I mange mindre kommunar med mange røystekrinsar, vil ei ordning med det kyrkjelege valet parallellt med det politiske, by på mange praktiske utfordringar.

Det må presiserast klart i forskrift til valet, at det er soknerådet som har ansvar for det kyrkjelege valet og at det kommunale valstyret ikkje kan overprøve avgjerer teke av soknerådet. I mange mindre kommunar er røystestyret identisk med formannskapet og ein ville og kunne få økonomiske vurderingar inn i ei avvikling av det kyrkjelege valet. Ein vil kunne unngå svært mange konflikter ved at ei **forskrift** tydeleggjer korleis eit kyrkjeleg val skal føregå.

Førehandsrøysting bør vere mogleg både på kyrkjekontoret og etter gudstenestene. Tidspunkt må kunngrast på same måte som ved det politiske valet. I mange kyrkjelydar vil dette skape praktiske utfordringar, særleg der det er gudstenester skjeldnare enn kvar 14. dag. Valmaterialet må vere ferdig til utsending i første halvdel av august, kanskje før ferien.

Val av bispedømmeråd/samansetting av Kyrkjemøte.

Naustdal sokneråd er positiv til å auke talet på leke medlemmer slik det er føreslege.

Ein går mot å endre valordning for bispedømmerådet. Argumentasjonen for endring verkar lite truverdig sett ut frå den statistikk som kjem fram i kap 4.2.2. Ei ordning med preferanseval vil

verke så komplisert at dei færreste vil sette seg inn i ordninga og det at ein ikkje forstår systemet, vil minske interessen for valet.

Det er og merkeleg at ein ikkje har funne å kunne foreslå eit tal for kor mange som må stå bak framlegget om ein kandidat.


Senka stemmerettsalder:

Naustdal sokneråd går mot senking av stemmerettsalder ved det kyrkjelege valet. Stemmerettsalder må vere den same som ved det politiske valet.

Uttalen er vedteken av Arbeidsutvalet i Naustdal sokneråd grunna tidsfrist. Mogelege merknader vert ettersendt etter soknerådsmøtet 11.09.08.

Naustdal 29.08.08.

Jetvard Kalland
-leiar-


Sigrun Solheim Savland
-kyrkjelydssekretær-